



# Årsmøte

10. mars 2020

## **Sak 1:** Opning

Opning ved leiar

## **Sak 2:** Godkjenning av innkalling og dagsorden

Årsmøtet vart kunngjort på Aktiv+ tysdag 22.01.20, samt på Frivilligsentralen/Biblioteket og på Kommunen sine heimesider.

Saksdokumenta vart ferdigstilt 25.02.20, og gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider, link til denne på Aktiv+ si Facebookside, papirformat i biblioteket og på mottaket i Aktiv+ tysdag 03.03.20 og ved opning av årsmøtet.

Saksliste til årsmøtet Aktiv+ 2020

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap og revisor-rapport.
6. Handlingsplan for komande år.
7. Budsjett og fastsettjing av medlemskontingent.
8. Val
9. Avslutning

## **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og dagsorden vert godkjend.

Vedtak:

## **Sak 3:** Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen

### **Framlegg til vedtak:**

Som møteleiar veljast Egil Haaland

Som referent veljast Irene Evensen (iflg vedtektene)

Til å underskrive protokollen veljast (forslag på to fra salen)

Vedtak:

## **Sak 4: Årsmelding fra styret i Aktiv+ for perioden 1. januar – 31. desember 2019.**

Styret har hatt fylgjande samansetning:

Leiar Ranveig Frøiland, nestleiar Gunnar Angeltveit, kasserar Karstein Lunde, styremedlemmer Inge Kolltveit, Egil Haaland og sekretær Irene Evensen. Varerrepresentantar har vore Solveig Nesse og Reimund Gulbrandsøy. Anna Øvretveit var og vald inn som vararepresentant frå SØS, men ho døydde diverre. Det vart ikkje utpeika ny vararepresentant frå SØS.

Sidan Ranveig Frøiland har vore mykje sjuk dette året, har Gunnar Angeltveit vore fungerande styreleiar.

I tillegg har Unni Sørensen vore Aktiv+ sin kontaktperson inn mot Fjell Kommune og har møtt i styremøta utan stemme- og forslagsrett.

Revisor har vore Leif Håkon Arefjord.

Det vart avtalt på årsmøtet 2019 at årsmeldinga frametter skal fylgja kalendaråret. Difor vert det i denne årsmeldinga litt overlapping dei fyrste månadane.

## **Aktiviteter**

Det har vore halde 8 styremøter i løpet av året 2019 og eitt medlemsmøte den 24. september.

Nesten kvar tysdag mellom kl. 10.30 og 14.00 har det vore arrangement med trim, badminton og balansegruppe i hallen og turer i området, i tillegg har treningsrommet vore jevnleg i bruk av 1-2 personar.

Vi har hatt mange interessante foredrag med tema både lokalt og anna. Til dømes klaffa det endeleg for Kenneth Bruvik som kom til oss 12. februar og snakka om plastforureining og miljøvern. Han hadde med seg mange eksemplar på kva som var funne både i fjøra og inni fisk. Mykje av det kunne førast attende til utlandet, og han skulle ta dette opp med miljøvernministeren i Skottland på eit møte ikkje lenge etter.

12. mars var det årsmøte med heile 53 deltagarar.

Den 7. mai kom Olav Kobbeltvedt og hadde kåseri om Jakob Sande i VIP-rommet. Det var 93 personar som fekk med seg dette.

Haustsesongen vart innleia 20. august med orientering frå Statens Vegvesen og deira kurs «Bilførar 65+». Det kom spørsmål frå salen om det var mogleg å arrangere dette kurset på Sotra Arena. Dette sette i gong ei stor interesse for kurset, og hausten 2019 vart det halde tre fullteikna kurs og kursa fortset med fem i vårsesongen 2020.

Aktiv+ er stolt over å kunne tilby mange ulike foredrag, og er takksam for alle som har stilt opp både frå Fjell Kommune og andre fora.

## **Arrangement**

Den 15. januar hadde vi besøk i sal 3 av to personar frå «Underhaldningsvogna». Dei gav oss ei koseleg framsyning over tema «Ein grønmalt benk i hagen». Dei hadde med eigen grønmåla benk.

Kafeen hadde laga til nydelege fruktfat til kvart bord. Dette arrangementet vart støtte av Extra Stifelsen og det var gratis inngang.

Den 5. mars hadde vi besøk i sal 3 av Linda Fosse med sitt musikalske kåseri «Dar kjem dampen». Her tok vi inngangspengar kr. 100,-.

Vårsesongen vart avslutta med musikalsk underhaldning med Vivian Steinsland og Helge Grønhaug i sal 3. Arrangementet var gratis. Det var kjøpt inn blomar

til pynt på borda. Blomana vart loddar ut etter konserten med gratislodd til dei frammøtte.

15. oktober var det igjen musikalsk underhaldning i sal 3. Denne gong med Gabriel Fliflet og Bjørn Tomren. 130 personar fekk med seg denne mangfoldige og kjekke musikkopplevelinga. Konserten var gratis.

17. desember hadde vi sesongavslutning med utlodning. Takk til alle som gav mange fine gevinstar. Borda var pynta med blomar som vart loddar ut til slutt. Til allsangen med julesongar spela Karstein Lunde, Hans Rasmussen og Harald Dyb. Det var heile 165 personar som deltok.

Fjell kommune har vedteke at hallen også skal leigast ut til ulike arrangement. Det har imidlertid ikkje vore mange tysdagar i 2019 at Aktiv+ ikkje har kunne gjennomført sitt opplegg.

Litt statistikk; Vi fører talet på deltakarar på alle aktivitetene. På balanse, trim og turer var det i fyrste halvår 2019 2579 deltakarar og på foredrag 930 deltakarar. I andre halvår var talet 2657 på fysiske aktivitetar og 1091 på foredrag. Totalt var tala for heile året 7257, noko som er ein auke på 811 personar samanlikna med 2018. Styret er svært glad over at deltakarantallet aukar.

Foredraga som er i regi av Aktiv+ er gratis.

Senioruniversitetet i Øygarden og Sotra (SØS) har hatt sine foredrag/møter i VIP-rommet med omrent samme deltakarantall som Aktiv+. Dei har teke kr. 50,- i inngangspengar for dei som ikkje er medlemmar i SØS.

Samarbeidet med Senioruniversitetet i Øygarden og Sotra (SØS) har gått svært bra.

## **Ukentleg drift**

Styret vil nytta høvet til å takke dei som har teke på seg frivillig arbeid med å gjennomføra drifta av Aktiv+.

Gunnar Angeltveit og Signe Herdis Høyvik har delt på oppgåva som instruktør for trimgruppa, ei trimgruppe som stadig får fleire deltakarar. Spesielt gledeleg er det at mannegruppa aukar.

Som takk frå nøgde deltakarar fekk dei kvar sin nydelege blomsteroppsats m/gåvekort og cider til jul. Aslaug Røssland har vore instruktør eit par gonger.

Fleire gonger i løpet av året har det vore over 70 deltakarar både på balansetrening og på trimmen. Det er fantastisk å sjå at vi måtte ta i bruk heile

salen nede for å få nok plass til alle som vil delta på trim. Balansegruppa i regi av Ergo- og fysioterapiavdelingen i Fjell kommune er framleis ein stor suksess. Det er svært stor deltaking på desse samlingane, både frå personer som har hatt henvisning tidlegare og frå personer som ikkje har hatt/lenger har henvisning, men som kjenner eit behov for å delta på denne type trening. Balansegruppa har profesjonelle instruktørar, men får også god bistand fra studentar og frivillige som deltek med visse mellomrom.

Turgruppa som går i parken har jevnt over hatt brukbart antall deltakarar. Turvertar har vore Jan Bjørøy, Karin Bjærum, Trygve Dåvøy og Oddny Bakke. Dei har hatt ei god og trygg leiing av dette tiltaket.

Vi disponerer og trimrommet, og det har vore i bruk nesten kvar tysdag. Her har vi ikkje nokon som instruerar i bruk av apparata.

Som nevnt er det nokre få som spelar badminton etter trimmen, her er det god plass til fleire.

I mottaket har vi hatt veldig god hjelp av Sonja Skålevik Helland. Ho stiller opp mest kvar tysdag og er på plass heilt til slutt. Det er ein trygghet å ha henne med.

Styret utpeikar kvar veke ein representant som er Ansvarsvakten og som er iført oransje vest. I tillegg har vi hatt ein representant som står i mottaket mellom kl. 10.00 og 10.30 for å ta imot deltakarar og orientere eventuelle nye.

Dei fleste tysdagane har styret fått god hjelp av Rune Bildøy med å setje opp stolar til balansetrening og bord i kafèen, og rydde vekk etterpå.

Kantina har hatt eit variert mattilbud, og er ein viktig faktor i Aktiv+ sitt arbeid.

Vi har hatt bestillingsbussen det meste av våren og hausten. Diverre er det ikkje so mange som har hatt behov for å nytta den på tysdagane. Eller skal vi sei heldigvis, sidan dei fleste kjem seg fram på eiga hand eller vha samkøyring. Men for dei som treng bussen, er det til stor hjelp, og vi vonar at den nye kommunen ser seg råd til å halde fram med dette tilbodet.

## **Antall medlemmer**

Per 06.12.19: 363 medlemmer.

## **Økonomi**

Det visast til eige vedlegg for økonomien. Styret har hatt fokus på moglegheitane for å søkja tilskot.

Aktiv+ er med i Norsk Tippings Grasrotandel. Dei av medlemmane som spelar gjennom Norsk Tipping, og som ikkje allereie har ført opp Grasrotmottaker, oppfordrast til å melde Aktiv+ inn som deira Grasrotmottakar.

Aktiv+ har i dette året hatt god økonomi, og har hatt fokus på å nytte denne til nytte og glede for medlemmane, med m.a. gratis underhaldning i sal 3 og gratis fruktfat.

Honorar som er nevnt i rekneskapen, er til dei som har halde foredrag eller hatt underhaldning. Det vert ikkje utbetalt honorar til styret. Alt arbeid styret gjer er frivillig.

## **Avslutning**

Styret vil rette ei stor takk til alle deltakarane på Aktiv+. Det var med ei viss spaning vi starta opp dette tiltaket seint i 2014. Dette året som har gått har igjen vist at dette er eit tiltak som vert nytta, og sett pris på av deltakarane. Det gjer jobben for styret meir lystbetont.

Vi vil koma med ei oppfordring om at enda fleire bidreg med forslag til foredrag og aktivitetar.

Ranveig Frøiland

Gunnar Angeltveit

Karstein Lunde

Inge Kolltveit

Egil Haaland

Irene Evensen

Solveig Nesse

Reimund Gulbrandsøy

## **Framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjend

(eventuelt med dei endringer som kom fram i debatten).

## Sak 5: Rekneskap og revisorrapport

Aktiv+ regnskap 2019

Årsresultat

Ktonr	Kontonavn	Kontosum	Regn.ifjor
<b>RESULTATREGNSKAP</b>			
Driftsinntekter			
3120	Gave	39 545,21	48 750,49
3900	Andre driftsinntekter	9 910,00	0,00
3910	Andre inntekter, avg.fri u/mva	14 680,00	10 000,00
	Sum Driftsinntekter	<u>64 135,21</u>	<u>58 750,49</u>
Driftskostnader			
5310	Gave/honorar til foredragsholder	-40 566,00	-20 067,33
5320	Gave	-10 260,00	-3 262,52
5400	Kontingent	-200,00	-200,00
6809	Forbruksmateriell	-14 839,70	-175,00
	Sum Driftskostnader	<u>-65 865,70</u>	<u>-23 704,85</u>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>			<b><u>-1 730,49</u></b>
Finansposter			
8040	Kreditrenter	45,00	23,00
8180	Bankgebyr	-90,00	-35,50
	Sum Finansposter	<u>-45,00</u>	<u>-12,50</u>
<b>RESULTAT FØR SKATTER</b>			<b><u>-1 775,49</u></b>
Sum Skatter og årsdisp			<u>0,00</u>
<b>ÅRSRESULTAT</b>			<b><u>-1 775,49</u></b>
			<b><u>35 033,14</u></b>

## Aktiv+ regnskap 2019

## BALANSE

Ktonr	Kontonavn	Kontosum	Regn.ifjor
<b>EIENDELER</b>			
Omløpsmidler			
1920	Bank, innskudd, kontonr	83 186,76	84 962,25
	Sum Omløpsmidler	<u>83 186,76</u>	<u>84 962,25</u>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b><u>83 186,76</u></b>	<b><u>84 962,25</u></b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
Egenkapital			
2000	Innskutt egenkapital	84 962,25	49 929,71
2099	Årsresultat (opp.tj. egenkap)	-1 775,49	35 032,54
	Sum Egenkapital	<u>83 186,76</u>	<u>84 962,25</u>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b><u>83 186,76</u></b>	<b><u>84 962,25</u></b>

## Aktiv+ regnskap 2019

## TOTALOVERSIKT

Resultat	Beløp	!	Balanse	Beløp
Salgsinntekt, avgiftsfri	39 545,21	!	Sum Anleggsmidler	0,00
Annen driftsrelatert inntekt	24 590,00	!	Sum Omløpsmidler	83 186,76
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b><u>64 135,21</u></b>	!	<b>EIENDELER</b>	<b><u>83 186,76</u></b>
Annen oppg.pl. godtgjørelse	-50 826,00	!	Sum Egenkapital	83 186,76
Arb.giv.avg., pensjonskost.	-200,00	!	Sum Langsiktig Gjeld	0,00
Kontorkostnad, trykksak o.l.	-14 839,70	!	Sum Kortsiktig Gjeld	0,00
<b>Sum Driftskostnader</b>	<b><u>-65 865,70</u></b>	!		
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b><u>-1 730,49</u></b>	!	<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b><u>83 186,76</u></b>
Finansinntekt	45,00	!	<b>Saldo betalingskonti</b>	
Finanskostnad	-90,00	!	Bank, innskudd, kontonr	83 186,76
<b>Sum Finansposter</b>	<b><u>-45,00</u></b>	!	<b>Saldo egne valgte konti</b>	
<b>RESULTAT FØR SKATTER</b>	<b><u>-1 775,49</u></b>	!		
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b><u>-1 775,49</u></b>	!		

Straume 9/2-2020.

Eg har sett over regnskapet for 2019 ,og finn det ført som det skal.Bilag og bank er avstemt og iorden. Årsresultat :-1775,49. Eigenkapital :83186,76.

Leif Håkon Arefjord.  
Leif Håkon Arefjord.

### Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen godkjennes.
2. Revisors rapport vert teke til etterretning.

### **Sak 6:** Handlingsplan for komande år

Styret har ikkje laga handlingsplan, men har laga program for kvar tysdag Aktiv+ er samla. Sjå vedlegg.

### Framlegg til vedtak.

1. Årsmøtet godkjenner den forma for handlingsplan.
2. Årsmøtet godkjenner programmet for våren 2019, og gjev styret fullmakt til å laga program for komande årsmøteperiode.

## Sak 7: Budsjett og fastsettjing av medlemskontingent

Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Budsjett 2020
<b>Driftsinntekter</b>			
Salg/ tilskudd	50.000,00	39.546,00	40.000,00
Gaver, støtte	30.000,00	24.590,00	35.000,00
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>80.000,00</b>	<b>64.135,00</b>	75.000,00
<b>Driftskostnader</b>			
Gave/honorar til foredragsholder	kr 25 000,00	40.566,00	40.000,00
Gaver/kontingent	kr 200,00	10.460,00	12.000,00
Div. driftsutg/forbruksmateriell	kr 400,00	14.839,00	20.000,00
<b>Sum Driftskostnader</b>	<b>kr 25.600,00</b>	<b>65.865,00</b>	72.000,00
Sum finansposter		45,00	
<b>Årsresultat</b>		<b>1775,00</b>	

### FOTNOTE:

Driftskostnader:

Gåve/honorar til foredragshaldar/	Budsjett 2019 kr. 25.000	Rekneskap 2019 kr. 40.566
--------------------------------------	-----------------------------	------------------------------

Her kjem det fram ein skilnad på kr. 15.556

Denne skilnaden er godkjent av styret. Styret var samd om meirbruken her i høve til budsjeterte midlar.

Denne meirbruken har kome medlemmane til gode.

Straume, 19.02.2020

Karstein Lunde  
kasserar

### Framlegg til vedtak:

1. Budsjettforslaget vert godkjend
2. Forslag om ingen ordinær kontingen for medlemskap
3. Ved store framsyningar i sal 3 med innleige av artistar vert det teke inngangspengar når styret ser behov for det

## **Sak 8: Innkomne forslag**

## **Sak 9: Val**

Valnemnda har lagt fram følgjande forslag:

### **STYRET :**

Leiar	FRITTSTÅANDE	Irene Evensen	1 år
Styremedlem	ROTARY	Karstein Lunde	Ikkje på val
Styremedlem	SØS	Egil Haaland	Ikkje på val
Styremedlem	FJELL KYSTLAG	Inge Kolltveit	2 år
Styremedlem	LHL SOTRA	Gunnar Angeltveit	2 år
Styremedlem	SØS leiar	valgt på årsmøtet i SØS	2 år
Vararepresentantar		Solveig Nesse	1 år
		Reimund Gulbrandsøy	1 år
		Ranveig Frøiland	1 år
Revisor		Leif Håkon Arefjord	1 år

Valnemnda 21. januar 2020.

Jan Bjørøy (s)      Sigurd Hope (s)      Marit Schmidt Lie (s)

### **Vedtak:**

## **Sak 10: Avslutning ved leiar**

## Foredrag Aktiv+ resten av våren 2020

Dato	Ansvarsvakt	Tema	Foredragsholder	Hvem kontakter
17.3	Sigurd / Astrid H	Plan for folkehelse i Øygarden kommune	Samfunnsplanleggjar Kristina Espeseth	Unni
24.3	Irene / Solveig	Underholdning Elisabeth Vannebo++	E. Vannebo, M. Juvik Sæbø, V. Eldholm	Irene
31.3	Reimund / Karstein	Vald og overgrep mot vaksne -sjå nedanfor om meir innhald	Kommunepsykolog Karina Natalie Harkestad + 2	Unni
7.4	Ikkje Aktiv+	Påskeferie		
14.4	Egil / Astri V	Gulltransporten 1940.	Arne Engelsen	SØS
21.4	Irene / Karstein	Fjell festning – frigjøringen	Vigleik Mathiesen	Unni
28.4		Tang og tare og andre spisevekster	Irene Evensen	
5.5	Ikkje Aktiv+	Hav Expo – Havbruks og	fiskerimesse 4. – 10.5	
12.5	Inge / Mai V	Den skjulte liding: Tap i eldre år. Korleis kan vi førebyggje einsemd og motivera til aktivitet?	Elddreppsykolog Lise Næss	Unni
19.5		Tema: kosthold og trening før og med benskjøhet	Tangerås	Unni sjekker
26.5		Gjøgleren av Dario Fo <i>Litt forbehold</i>	Skuespiller Eirik del Barco Soleglad	SØS
2.6		Inntrykk fra Amazonas, skogen, folket kulturen	Øystein Wiik	
9.6		Fjell i mellomkrigstida. Tema knytt til ny bygdebok vår 2020	Halvor Skurtveit	
16.6	Ansvarsvakt	Sesongavslutning	Yngve Seterås	Egil sjekker

Ansvarlig for foredragene kontakter foredragsholder uken før.

Foredragene til Senioruniversitetet i Øygarden og Sotra (SØS) er gratis for medlemmene til SØS. Ikke-medlemmer betaler kr. 50.-.

**31. mars** Det vil vere rom for refleksjon og diskusjon kring etiske problemstillinga. Ho vil koma saman med 1-2 andre frå konsultasjonsteam for vald og overgrep mot vaksne.

Her er utfordringa dei fekk av meg:

\*Kva er vald og overgrep, kor går grensa?

\*Kva kan ein gjere om ein er i ein slik situasjon/relasjon?

\* Kva kan en gjere om ein veit om nokon som er i ein slik situasjon?

- \* Kva kan ein sei til ein som ein veit opplever dette, men som ikkje vil ta det vidare sidan vedkomande er i nær relasjon med vedkomande som utøver vald?
- \* Er det noko vi kan gjere for å betre situasjonen?
- \*Har kommunen eit tilbod, kva gjer kommunen her og kva gjer fylket?

12.5: Lise Næss tilbyr foredraget «den skjulte lidelse: Depresjon og tap i eldre år». Dette går ut på at når ein vert eldre så vil ein oppleva og miste mange kjære kring seg. Kva kan ein sjølv gjere, og kva kan ein gjere når ein kjenner nokon som vert meir einsam etterkvart som åra går. Altså; førebygging og kommunikasjon.

Ho sa at ho ønskjer noko for foredraget sidan ho må ta seg fri frå jobb.

## 2.6 – Øystein Wiik

Foredragsholderen er pensjonert polititjenestemann med pensjonisterfaring som offisiell norsk observatør ved internasjonale valg og kriser. Han har et bredt internasjonalt nettverk gjennom sitt engasjement i International Police Association, og dette nettverket gjorde at han høsten 2018 av en brasiliansk politikollega med en helt spesiell interesse for urfolks kår i Amazonas-regionen ble invitert med på en spesiell reise i Amazonasregionen, der hovedfokus var urfolk og deres kultur. Med sin bakgrunn blir dette mer enn en reiseskildring. Hovedfokus i foredraget er hans egen bilde-illustrerte opplevelse, men gjennom denne får vi også mer viten om dette unike - og for de fleste av oss - temmelig ukjente området.